



Fløysand VA AS  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 16/921 - 16/10004

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
24.05.2016

## Godkjenning - legging av vassleidning i sjø fram til eigedomen gbnr 19/12 i Dalstø

**Administrativt vedtak. Saknr: 146/2016**

**Tiltakshavar:** Tom Sturle Hansen

**Ansvarleg søker:** Fløysand VA

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-1

### Saksutgreiing:

#### Tiltak:

Det er i søknad, journalført 05.04.2016, søkt om å få legge vassleidning i sjø i samsvar med motteke situasjonskart. Leidningen i sjø vert på om lag 250 meter. I tillegg går om lag 20 meter av leidningen på land ut frå kommunal kum.

#### **Vurdering:**

I samband med at Mland kommune etablerte hovedvassleidning fram til Dalstø, vart det lagt til rette med stikk frå kommunal kum, for tilkopling til kommunalt vassverk for eigedomen gbnr 19/12. Det ligg føre erklæring frå eigar av gbnr 19/5 som gjev eigedomen gbnr 19/12 om rett til dette.

Bergen og Omland Havnevesen har gjeve førehandsuttale i saka og kan ikkje sjå at tiltaket vil vera problematisk etter havne- og farvasslova.

Deler av sjøarealet leidningen skal leggjast i er i kommuneplanen for Meland avsett til småbåthamn.

Eigaren av vassleidningen må ved eventuell opparbeidning av tiltak til dette føremålet tilpassa vassleidningen til tiltaket.

Resten av sjøarealet utanfor er gjennom arealdelen av kommuneplanen for Meland avsett til «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone». Dette er likevel ikkje til hinder for utlegging av vassleidning , jf planføresegnene for kommuneplane pkt 3.3.

*«3.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone, pbl § 11-7 nr. 6*

*Areal avsett til hovudføremålet kan utnyttast i samsvar med dei aktuelle underføremåla med unntak av akvakultur og småbåthamn, §§ 11-7, 3. ledd, 11-9 og 11-11. Hovudføremål og underføremål er ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum og telenett, jf pbl § 11-11 nr. 3.»*

#### **Ansvarsrettar:**

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringer om ansvarsrett og gjennomføringsplan vedlagt søknaden.

Erklæring om ansvarsrett for utførande av vassforsyningssanlegget skal saman med oppdatert gjennomføringsplan sendast kommunen før denne dele av arbeida blir starta opp. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23-1.

#### **Vedtak**

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a og f, blir det gitt løyve til legging av vassleidning i sjø som omsøkt, jf søknad journalført 05.04.2016.

Tiltaket skal plasserast slik situasjonskart, journalført 05.04.2016, syner.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringer, jf pbl § 23-3.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna følgjer av vedtaket eller vurderinga over.

Arbeidet må ikkje starta opp før det ligg føre godkjenning frå Bergen og Omland Havnevesen.

Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet vart gitt, eventuelt dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

#### **Mynde:**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### **Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### **Med helsing**

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Tom Sturle Hansen

Glasskaråsen 29      5106

ØVRE ERVIK

**Mottakere:**

Fløysand VA AS

Fløksand      5918

FREKHAUG